
Innsynskrav kommunikasjon

Per Lerøy <Per.Leroy@austrheim.kommune.no>

5 July 2023 at 13:14

To: "marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com" <marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com>

Cc: Bjørnar Fjellhaug <bjornar.fjellhaug@austrheim.kommune.no>, Post Austrheim <post@austrheim.kommune.no>, Christopher Marius Straumøy <christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no>, Asbjørn Nagell Toft <asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>, Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Hei.

Eg viser til meldinga under. Eg trur du er grundig ført bak lyset av Naturvernforbundet her. Det er lagra tørrstoff etter behandla borekaks i Leirvågen. Det ser ut til at det skjedde i perioden 2006 – 2011, og med godkjenning frå relevante statlege myndigheiter. Odd Haugen har søkt om og fått løyve av kommunen om bakkeplanering på gnr. 156, bnr. 17 – 12 – 82 – 4. På ei synfaring i dette området 29. april i år, med landbrukssjef Laila Bjørge, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug, avdelingsleiar for plan, bygg og oppmåling Asbjørn Nagell Toft og grunneigar Odd Haugen, spurte eg grunneigaren direkte om han hadde planar om å nytta jordmassar som var blanda med borekaks til bakkeplaneringa. Årsaka til spørsmålet mitt var at eg hadde sett påstanden frå leiaren i Naturvernforbundet i Nordhordland, Jan Nordø, om at det var desse massane frå Leirvågen Odd Haugen hadde planar om å nytta. Odd Haugen svara då eit rungande «nei, massane i Leirvågen skal bli liggjande der dei ligg. Me jobbar med ein jobb på Mongstad Sør og dersom me får den, skal me nytta jordmassane derifrå til bakkeplaneringa.» Dette er så vidt eg veit den einaste gangen eg har snakka med Odd Haugen om desse massane. Eg har aldri kommunisert skriftleg eller på sms med Odd Haugen om desse massane. Eg har spurt tilsette i det firmaet som behandla borekaksen på Mongstad i den perioden det gjeld, og dei seier at statlege myndigheiter, mellom anna SFT, var involvert i prosjektet og at fleire statlege etatar var på synfaring både på Mongstad og i Leirvågen.

I desse dagar er Odd Haugen Maskinstasjon i full gang med å køyra jordmassar frå Mongstad Sør til det om søkte området for bakkeplanering. Det har eg konstatert med sjølvsyn i dag.

Austrheim kommune behandlar alle slike saker korrekt og både planavdelinga og landbruksavdelinga ser til at alt går rett føre seg. Det som no skjer er at jord frå eit område som skal nyttast til å utvida næringsverksemda på Mongstad Sør, vert nytta til å etablera mange dekar nytt, flott og produktivt slåtteland i Austrheim. I staden for å byggja ned landbruksareal, sørgjer både grunneigaren og kommunen for å fornya og utvida kommunen sitt landbruksareal. I ei verd som skrik etter auka matproduksjon, må slike tiltak applauderast, men det klarar diverre ikkje Naturvernforbundet i Nordhordland å gjera.

Med vennleg helsing

Per Lerøy

Ordfører

.....
Austrheim kommune

Telefon: 94506747

www.austrheim.kommune.no



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem*

Fra: Post Austrheim <post@austrheim.kommune.no>
Sendt: onsdag 5. juli 2023 08:54
Til: Per Lerøy <Per.Leroy@austrheim.kommune.no>
Emne: VS: Innsynskrav kommunikasjon

Sak 23/11

Med vennleg helsing

Ane Landgård

Servicekontoret



Tlf.: 56 16 20 00 / 56162110

www.austrheim.kommune.no

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak-og arkivsystem.*

[Quoted text hidden]